

Opplæringsavdelinga**Sakshandsamar:**

Ingeborg Lie Fredheim
 E-post: ingeborg.lie.fredheim@sfj.no
 Tlf.: 57 65 62 23

Vår ref.

Sak nr.: 13/6653-12
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

40943/13

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 02.01.14

Kunnskapsdepartementet
 Postboks 8119 Dep

0032 Oslo

Førespurnad om møte med Kunnskapsdepartementet om framtida for Sogn jord- og hagebruksskule

Sogn og Fjordane fylkeskommune ber i dette brevet om å få møte den politiske leiinga i Kunnskapsdepartementet for å drøfte korleis vi kan sikre og vidareutvikle drifta av det økologiske kompetansesenteret Sogn jord- og hagebruksskule.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handsama i møte 27.11.13, sak 116/13, «Sogn jord- og hagebruksskule – veggen vidare», og gjorde slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune set i gong ein prosess, med frist medio mars 2014, for å kartleggje kven som vil vere med å delfinansiere framtidige investeringar ved Sogn jord- og hagebruksskule – både på kort og lengre sikt. Det skal likeeins kartleggjast kven som vil vere med å dekke årlege driftsutgifter, ekskl. kapitalutgifter, i den grad desse ikkje vert dekkja av staten innafør ramma av den statleg godkjende landslineordninga.
2. Fylkeskommunen vil i utgangspunktet vere innstilt på følgjande:
 - a. Dekke 60% av eit kortsiktig investeringsbehov anslått til 43 mill. 2013-kr.
 - b. Gjennom ein intensjonsavtale vere med ta eit finansielt delansvar også for det langsiktige investeringsbehovet ved skulen, anslått til nye 30-40 mill. 2013-kr.
 - c. Dekke om lag halvparten av dei løpande driftsutgiftene, ekskl. kapitalutgiftene, som staten ev. ikkje dekkjer. I 2012 utgjorde dette i alt 2,9 mill. kr.
3. Fylkeskommunen tek umiddelbart opp att arbeidet mot sentrale styresmakter med sikte på statleg delfinansiering av investeringane ved skulen og statleg fullfinansiering av tilhøyrande drift. Fylkeskommunen ønskjer her eit nært samarbeid med Aurland kommune.
4. Fylkeskommunen vil også be Aurland kommune klårgjere ev eigen finansiell medverknad i investerings- og driftsutfordringane ved skulen, jf. pkt. 2 over. Som lekk i dette ønskjer ein at Aurland kommune og klårgjer om det er grunnlag for annan finansiell medverknad enn frå stat og kommunesektor.
5. Det vert lagt til grunn at fylkestinget i juni 2014 tek endeleg stilling til framtida for Sogn jord- og hagebruksskule.

Sogn jord- og hagebruksskule, Aurland, har det einaste heilskaplege opplæringstilbodet i økologisk landbruk på vg2- og vg3-nivå i Norge og har som den einaste vidaregåande skule i landet landslinetilbod i økologisk landbruk. Skulen har i tillegg ei omfattande oppdragsverksemd (kommersiell verksemd). All aktivitet utanom ordinær opplæring; kurs, seminar, råd og rettleiing innanfor småskala matproduksjon, prosjekt og omvising er sjølvfinansierande, men krev drift av ei fulløkologisk skulegard.

Det er store utfordringar knytt til vidare drift av skulen. I generalplanen for skulen er det skissert eit arealbehov tilsvarande investeringar i storleiksorden 75-80 mill. kr.. Dette må gjennomførast i løpet av ein 15-års periode om skulen skal drivast vidare. Av dette må investeringar tilsvarande om lag 43 mill. kr finne si løysing straks.

Drifta av landslinetilbodet er finansiert med statleg tilskot. Fylkeskommunen er i tillegg inne med om lag 3 mill. kr pr. år i egne driftsmidlar. Om lag 1,4 mill. kr av dette går til å dekke differansen mellom statleg tilskot og budsjetterte driftsutgifter for landslinetilbodet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennom fleire år arbeidd med å avklare framtidsutsikter og moglege vegval for Sogn jord- og hagebruksskule. Som ein del av dette har fylkeskommunen m.a. gjennomført eit prosjekt med føremål å utvikle skulen som lokal og regional utviklingsaktør.

Tilhøyrande prosjektrapport og påfølgjande høyringsrunde er tydelege på at fylkeskommunen bør styrke Sogn jord- og hagebruksskule som økologisk skule og kompetansmiljø for regional og nasjonal utvikling innan natur- og kulturbaserte næringar. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser i høyringa til at kompetansmiljøet ved Sogn jord- og hagebruksskule vil vere viktig for om vi på nasjonalt nivå skal kunne nå måla om 15% økologisk produksjon og forbruk innan 2020.

Aurland kommune fekk i 2013 utarbeidd ein rapport om den verdien Sogn jord- og hagebruksskule har for opplæring, kompetansmiljø og næringsutvikling. Rapporten "Verdiar for framtida" vil, saman med andre rapportar, danne grunlaget for Aurland kommune sin medverknad for å sikre ei god framtid for skulen og tilknytta aktivitetar.

Link til rapporten: <http://www.aurland.kommune.no/verdiar-for-framtida.5347048-155908.html>

Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) vurderer Sogn jord- og hagebruksskule som det viktigaste kompetansesenteret i landet for økologisk landbruk innafor vidaregåande opplæring. Dei viser m.a. til at skulen på fleire viktige kunnskapsfelt innan landbruk og bygdenæringar spelar ei vesentleg nasjonal rolle.

Oikos – Økologisk Norge, Utviklingsfondet, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag skriv m.a. følgjande: «Vi...ser med bekymring på at landets eneste helhetlige utdanningstilbud i økologisk landbruk er under stadige trusler om nedlegging.»

Vi er kjende med at landbruksministeren truleg kjem til Sogn og Fjordane 21. januar 2014. Dersom det då vert lagt til rette ønskjer vi å kunne gje ei kort orientering om utfordringane knytt til framtida for Sogn jord- og hagebruksskule.

Vi vurderer saka om framtida for Sogn jord- og hagebruksskule som så viktig at vi i tillegg ber om eit eige møte med politisk leiing i Kunnskapsdepartementet om saka. Vi ber om at også representantar frå landbruks- og matdepartementet er tilstade i eit slikt møte.

Med helsing

Åshild Kjelsnes
Fylkesordfører

Noralv Distad
ordfører Aurland kommune

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Landbruks- og matdepartementet